

Rapport frå Svalbardekskursjonen

Tur til Svalbard 15.-20. august 2010 med klassen teknisk geologi frå NTNU



1 Her har me landa i Svea, alle glade for at vi kom helskinnet over...

Eit initiativ frå 3 studentar i klassen om ein tur til Svalbard vart i byrjingi av august fullført, der alle som ville vere med kunne melde seg på, og få ein liten snartur innom Svalbard si gruvedrift samt sjå den ville og vakre naturen der. Under heile turen var vi så heldige å ha med oss bergingeniør David Hovland frå Store Norske som guide.

Me var ein gjeng på 13 stk. frå klassen som tok turen oppover. Diverre kunne inkje alle vere med, grunna arbeid eller andre årsaker. Formålet med turen var å sjå korleis gruvedrifti gjeng føre seg på Svalbard, samt sjå på naturen der og jamt over få eit godt inntrykk av området.

Ca. ved midnatt 16. august kom me opp til Longyearbyen til midnattssol og ein litt sur vind. Me tok bussen inn til gjestehuset, fordelte oss på rom og la oss til å sove.

Morgonen etter møtte David oss utanfor huset og me reiste i samla flokk ned til flyplassen og tok eit småfly inn til Svea. Der vart me fordelte i to grupper, der den eine vart med David inn i gruva og den hi vart verande etter med Marte og sjå på bl.a. borkjernar og etterpå ut til eit oppredningsanlegg ved Kapp. Etterpå var det den fyrste gruppa sin tur til å sjå på borkjernane og omvendt, og slik gjekk dagen.



2 Oppredningsverket ute ved Svea



3 På tur inn i gruva

Overraskende nok, og inkje ein del av planen, fekk me påspandert middag ute ved Kroa av Store Norske, der me møtte viseadministrerende direktør Dag Ivar Brekke og fekk ein liten introduksjon om korleis det er å jobbe med gruvedrift i Store Norske.

Neste dag var det tid for hyttetur. Då pakka me saman og reiste ned til hamna der det stod ein båt og venta på oss. Destinasjonen var Skottehytta inni Petuniabukta, og det tok oss 5 timar med båt å kome dit. Undervegs fekk me bl.a. servert middag framfor Nordenskioldsbreen og ei forelesing om korleis gruvedrifti på Svalbard hadde utvikla seg.

Vel framme ved hytta pakka me ut og tok oss ein kjapp kvil før me gjekk på ein liten tur innover dalen bak hytta. Me tok oss ein tur oppover ein liten topp, noko som prova tungt for dei fleste, men den flotte utsikti var nok verdt turen og slitet. Då me kom ned att var det tid for å lage middag, og etterpå tok me det roleg utover kvelden.

Dagen etterpå tok me ein tur innover Ragnardalen. Planen var å gange oppover til ein topp, men grunna litt dårleg vêr måtte me avlyse dette og gange innover til Ragnarbreen. Dette vart ein fin tur, og i det minste sleit me oss inkje ut denne gongen. Då me kom attende, sidan det var siste dagen på hytta, koste me oss med god middag og god drikke.



Neste dag var det tid for heimreise. Me pakka saman, vaska, og sat ute og venta på båten som skulle hente oss. Planen var eigentleg å reise innom Pyramiden ein tur, men grunna dårleg tid rakk me inkje dette. Likevel gjorde nok inkje dette så veldig mykje i og med at dei fleste var ganske trøytte og helst ville take det roleg. Me avslutta opphaldet vårt på Svalbard med middag ute på Huset, der me vart

sitjande ei god stund. Så var det tid for å seie hadet til David og takke han og Store Norske for alt dei har gjort for oss. Me sov i kanskje 2-3 timar før det var tid for å kome seg oppatt, ned til flyplassen og reise attende til fastlandet.

Alle i klassen er svært takksame og glade for denne turen, og sjølv om det var ein gjeng trøytte tryne som gjekk om bord på flyet, ser alle tilbake på denne turen med glede og har gode minne derifrå. Me fekk oppleve Svalbard frå si beste side med sol frå dagen vi kom, og sitter igjen med et kjempeinntrykk av naturen, geologien og gruveindustrien der oppe.

Me ønskjer å rette en stor takk til alle som har gitt oss sponsormidlar og bidratt på andre måtar, og dermed gjort denne turen mogleg.

